Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.– Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Balestrand

Emne: Gamal Engkultur. Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim. Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her nyttar dei helst ordet bø – på bøen = den eng som ligg innanfor bøgarden. Ordet eng vert helst nytta om avlingi t.d. åker og eng. Utslåttor, er lovande ut i år – var den slåttemark dei hadde i utmarki.

Ekra er eit stykke mark, som hev vore åker. Åkrelöje, er mark som hev vore åker og er attlagd det året. Engi hadde ymse namn eller so gadt som englandet – eller bøen var t.d. Tjukkeng = bø med tett högt gras, Todeng (Taaeng) = eng på gjødsla mark. smågras = vill eng – og jamnast ikkje gjødsla. Dei tala om stylkahöy = grovt, stivt höy og smalahöy eller öykjahöy = fint og stutt småhöy. Etter som slåttemarki var nemnde dei bøen langorvslotte, tvihendingslotte = slåttemark der dei brukte millomljåen = tvihending. Stuttorvslotte var mark der dei slo med stuttorv, som dei heldt i högre handi og hadde då ein dott gras i vinstre handi. Med dotten heldt dei graset inn til

7563

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eggi på bjåen. Prokkeslotte var med stuttorv i ūrar og millom steinar. Dr var slåttemarki so trong at dei ikkje kūnde nytta stuttorven til eit fullt hogg. Dei skar stråi millom steinane = prokka graset fram.
2. Ein dugande slåttekar slo ikkje berre graset, men han hogg av renningar[x)]: kvista runnar og hogg loppane av rynning. På den måte vart det ofte mykje lauv i höyet. Til saur og geiter vart det rekna sers godt. Slik slått gjorde dei ikkje berre med tanke på foret - men ofte mest med det fyremål å haldo skogen nede, so det ikkje fekk ukka tre på slåttemarki. –

Elles rudde dei all slåttemark ūm våren. Det var då mest turre kvistar og lauv dei rakte i dūngar og brende. Det dei rudde saman nemnde dei lauvdūnge eller kvistdūnge. Oska spreidde dei ut over marki til gjødning.

Til å betra engi snudde dei torva, dr det var mykje mose, dei steinrudde marki dr det var god jord - men mykje stein, som låg uppå marki -, og dei grūnngrov marki, når dei vilde få godt england = bjukkung. Alt dette var på böen.

I ūtslåttor tok dei stundom burt ein og onnor steinen - elles hadde dei der

x) renningar.

7563

serleg ümsüt for å halda skogen nede.
3 På god bö gjädsla dei so mosen skulde koma burt, og dei tok veitor, når dei tykte det var for mykje vatn. Der dei snudde torva eller gras-roti var türr samla dugande bönder alt i 1890 åri höyfrø, som dei hadde i sekk og sådde üt på marki üm våranne. Husbonden gav budei-one bod üm å samla höyfrø i löda. Dugande budeior sette si ära i å künna lata frå seg mange sekk höyfrø til husbonden üm våranne. Denne driftsmåte nytta dei fyrr dei tok til å kjöpa gras-frø.
4. I myr og på mark som var vass-sjuk = vätlendt eller sig-lendt tok dei veitar.
På bö der det var türrlendt eller grünnlendt hadde dei ofte vatningsveitar, der det var elv eller vatn nokk. Stündom tok dei slikt vatn inn i gjädselkjellarar eller gjädseldungar i gardfjozar - so dei med det fekk spreida gjädsel på böen. På mange gardar var det store vatningsveitar.-
5. God bö gjädsla dei når dei hadde gjödning til det. Slik gjödsling har vore gjord so lenge ein veit av på heimdbö. Men utslåttor gjödsla dei ikkje. Um dei hadde havt gjödning til det so hadde transporten på

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 7563

gjødsli vorte for lang og tung. Eit undantak var likevel stølskviar, som i röyndi var eit slag utslåttor. Her på garden halde dei fram til 1850 åri kvi på fjellstølen. Der samla dei mykje gjødning, som dei mykka på kvii. Der hadde dei og höylödor. Foret drog dei heim um vinteren. Der var so ulendt at dei kunde ikkje köyra - endå som det kunde vera god för. –

Det var vanleg at dei breidde sauemök på den beste slåttemarki. Der gjødsla dei tjukt eller tunnt - alt etter som dei hadde gjødning til. Fyrst tok dei umsyn til kornåkeren, som alltid måtte få den gjødning som denne Avling kravde.

6 Mark som vart gjødsla nemnde dei taaeng og höyet dei fekk der nemnde dei taaengshöy.

7. Dei såg vel etter at sig frå fjos og tun skulde koma til nytte på åker eller god bö. Dei talte um tunsig og sig undan fjosen. Ser namn på eng som fekk gagn av slikt sig hadde dei ikkje. Dei sette og kalvahus og gardfjosar soleis at sig derifrå skulde koma til nytte på god bö. Frå den tid dei mykka alme-mjöl til mat planta dei og almar nær slike hus. Dei grov ofte småe veitar, so mykje

7563
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sìget kunde spreida seg på marki,
og dei skifte veitane i ymse leider
so sìget kunde koma vidt ut på
bøen.
8. Dei kunde gjødsla bøen både um
haustane og vårane – alt etter som
veret kunde vera. Dei rekna det
for sers godt med haustgjødsling
um dei seinhaustes kunde få ut
gjødning på tidi (ufrosi) mark
og det so kom snø med det same
dei hadde gjødsla. Då kunde
gjødningen verta liggjande under
snø heile vintren – og marki fekk
den beste nytte av all kraft i
gjødningen. Dette hadde og den fyre-
mun at det letta på vorarbeidet.
Men elles var det mest vanleg at
dei gjødsla um vårane.
Til spreiding av gjødsel
hadde dei fram til 1860 åri tvo
slag reidskap: Kvisl = ei tilskori
kloft og tregreip med tri
tindar med tvo tverrband. Slike
reidskap brukte dei på husmanns-
plassar her fram til 1890 åri.
Til å smuldra gjødsli brukte
dei ofte eit grev. Frå slutten
av 1860 åri hadde dei på
gardane jarngreipar – f. Slike greip-
or kunde og vera heimelaga
smedarbeid. Med jarngreipor både
smuldra og spreidde dei gjødsli.
9. Frå gamalt trudde dei det var
gagnlegt å beita på bøen noko

7563

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

um våren, for då meinte dei at graset vart tettare i roti. Dei talle ikkje um at det vart vennande gjødsling av beitingi. –

Ein av grunnane til sterk beiting på bø både haust og vår var at dei kunde ha for lite for. Men etter kvart som bøndene fekk meir jordbruks-kunnskap heldt dei upp med dette. Serleg verna dei då um den eng som var tilsådd med grasfrø.

Alle utslåttor låg under fefot. Men dei beste utslåttor låg på slike stader der det var so utendt at det var lite beist som kom fram. Kyr kom aldri på slike stader. Det einaste kunde vera geiter og noko smale. Men i dei år då alle utslåttor vart vel nytta slo dei og slette grasbakkar i vanlege beite.

10 Dei beiter framleis noko på bøen. Det store skifte i denne bruksmåte kom med kulturbeiti. Det tok dei til med her i 1930 åri. Frå den tid hev dei gjort inne den eng som ikkje skal beitast. Fruktdyrkingi hev hev og gjort mykje til å fremja slik gardsdrift.

11. Um haustane hadde dei bølingen inne på stølskvia um nætene. Ved det samla dei mykje gjødning. Um vårane gjekk dei med ei greip, smuldra ruone (gjødselhaugane) der kyr hadde

7563

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

lege - og spreidde gjødningen på
marki. — Klubba eller andre reid-
skap hev dei ikkje nytta her til
dette.
12. For heimebeiti hadde dei gard-
fjos, der kyrne var inne um natti.
Då samla dei mykje gjødning.
Gardfjos og Kalvehus låg nær god
bø. Gjødningen spreidde dei um
vårane. Sume stader vart gjødningen
liggjande i store haugar på slike
stader, når dei ikkje vann, å
spreida gjødsli ut på bøen. Slike
gjødseldungar nemnde dei (Mokk-kokar m.)
12. Ved heimastølen hadde dei
stølskvi. Der var det bølingen låg
um haustane - natti over - når
det var godt ver. Var det regn
hadde dei kyrne inne i fjosen.
Sjå nr. 11 -
13. Fram til 1860 åri hadde dei
sauegrindar der dei hadde sauene
på bøen um setrene. Det var den tid dei
mjølka sauene, og dette vart
gjort til å hindra lambi i å
suga. Ved det fekk dei og samla
gjødning. Grindane flytte dei kvar
dag.
14. Gjødningen inne i grindane trakka
smalen ned i marki med det same.
Grindane var 4 gavlar som dei
sette saman. Det var einfeldt
gjort. Grindane vart helst bruka
på heimebøen. Her i bygdi gjekk

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
7563

sauegrindar er bruk i 1860 åri.–

15 } Noko slag skremsla for udyr eller
16 } vakt ved grindane hadde dei
ikkje her.

17. Det er ikkje fortalt her – at
gjætleguten fekk grindmat.

18. Sauefjös på hjul er ukjende
her.

19. Kvi var ei inngjerdsla (gjerde)
ved stölen. Traa-f.-var den opne
staden ved stölen der buskapen
kom og vart mjölka.

Tra n.– var den staden
der beist kunde samla seg, men
ikkje vart mjölka t. d.
Kalvatra

Desse stadnamni er i bruk
her endå. Men dei vert glöymde
noko eller kvart.

Kalvatra gav og namn
til Kalvatra-hesjane.–

20 Både ved heimastölen og fjell-
stölen hadde dei stölskviar.
Sjå nr. 5 og nr. 11–

21. Dei gjödsla og slåttemark (heimabö)
med fiskeslog- og ufisk = (hå,
skatat og rognskjeks) – sild, tang
og oska. Fisk og sild grov
dei ofte ned. Tang lagde dei
på marki –, og oska spreidde
dei ut over.–

Ymse upplysningar:
Um vårane når dei sende buskapen
til skogs sa dei at dei

7563

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„Lagde um gardane".

Um vårane var det eit stort arbeid å rydja all bö – d.e raka burt alt gamalt lauv og rusk –, so det ikkje kom i graset. Samstundes med dette arbeidet hadde dei hesje=binding.

Bögardane skulde gjerast= haldast i stand med vand og staur – (eine = sprakje og stōrar).

Ved dette gjorde dei og mykje til å hindra at skogen vaks upp til skade for beiti – Eller at dei heldt upp med slike gardar vart skogen altfor tett til skade for beiti. –

I utslåttone (sette dei og upp heojor. Det arbeidet skulde gjerast i den vanlege tid um våren.

Umfram slåtten i ut=slåttone sker dei fuglablom kring jonsok –, so han vart mjuk og fin. Fuglablomen hengde dei upp i tre til turking. Nytta her til 1892. –

Det var fast tilsyn med utlådone, serleg med taket. –

Der dei sette höyet i stakk var det og tilsyn med stakken. Dei sette gjerde kring höy=stakken, so beisti ikkje kunde koma til og gjera skade. –

Var det turre vårar hadde dei mykje arbeid med å vatna böen. Det laut dei halda godt

7563
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

tilsyn med so grasroti ikkje tok skade i vokstrtidi – (marki skein og graset sugid).

Fyre- slåtten såg dei vel på engi um graset var utvakse. Det måtte ikkje vera klökt = (for lite vakse) so det skrokk = (minka for mykje) når det vart turt høy. –

Dei rekna det for dygd at ein bonde kunde samla mykje gödning. Ein embetsmann i Balestrand var ei tid den fremste til det. Kring 1890 talled dei um kor veldriven den embetsgarden ei tid hadde vore. Denne embetsmannen vart ein god læremeister for böndene.

Dei såg vel etter at høy ikkje kom burt. Kvart strå skulde verta nytta. Der dei hadde bore høy gjekk dei ofte ettersjå med riva og rakte alle strå vel saman. Det hende og at husmenn sopte kring steinane til dei fekk ein høydott, som dei tok i neven og bar inn i löda. –

Balestrand 3. febr. 1953. –

A. Skåsheim. –

7563

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

S. o. Fj.
Balestrand

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Heilt ukjent her.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

På båe desse spursmåli er svaret
Nei her.

Balestrand 11. desbr. 1952
A. Skåsheim

7420

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING